

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2019

Fylkesordførar gav slikt svar:

«Kort om vannledningsbruddet

Nordre innfartsåre er svært sårbar. Vannledningsbruddet skjedde på ei strekning der det ikkje er omkøyringsveg. Det var 750 000 L vatn som gjekk gjennom vegkonstruksjonen. Vegen vart stengd og vi som vegeigar må vite at mur- og vegkonstruksjonen har den bæreevne dei skal ha før trafikk vert sett på. Vi måtte vente på dagslys og våre geotekniske fagpersonell for gjennomgang. Bergen kommune hadde identifisert brot i vegkonstruksjonen. I samråd med kommunen vart veg gravd opp og 4 m røyr skifta. Samstundes vart vegkonstruksjonen sjekka om det var skjedd utvasking.

Saman med politiet gjorde vi tiltak for å unngå hendningar på ope vegnett.

- Vi stoppa anna planlagt arbeid i nærområdet
- Avtala trafikkdirigering i kritiske punkt
- Avtala skjerma trase for utrykningskjøretøy
- Eingvegskøyring i Hardangervegen for å unngå møtande tungbilar. Stoppe trafikkavvikling på denne strekninga
- Ekstra avtale med bergingsbil for tungbil i beredskap på Nygårdstangen (rask utrykking til Fløyfjell).

For å unngå trafikkulykker vart det arbeidd kontinuerleg med tiltak for å redusere sannsynlighet eller konsekvens for ulykker. Her er det også tiltak på E39 Nordre innfartsåre. Tiltak er fartsgrense, fullstopp-skilt påkøyringsrampe, rekkverk og forsterka midt- og sideoppmerking.

Vegnettet har drift og beredskap heile døgeret. Normal beredskap er Driftsentreprenør og Vegtrafikksentral som overvåkar og gjer tiltak ved hendingar, nettopp for å ha eit ope vegnett. I Beredskapsplan er omkøyring med fjernskilting og nærskilting ein del av planen. I tunnelane er det sikkerheitsutrustning som er styrt direkte frå vegtrafikksentral. Alle tunnelar har eigen beredskapsplan godkjent av Bergen brannvesen. Vegtrafikksentral har rutinar for trippelvarsling til bilbergingssselskap for å til ei kvar tid varsle bergingsbil som er nærast. Det er døgkontinuerleg beredskap med geolog og geoteknikar. Alle desse tiltak er for å ha god regularitet og høg oppetid. Denne vegstrekninga har ei gjennomsnittlig årsdøgntrafikk på 54500 kjt i døgnet.

Kva gjer Statens vegvesen?

SVV har tett kontakt under og etter hendinga med politi, Bergen kommune, SKYSS og nødetaatar

### 1. Kortsiktige tiltak

- møte for oppfølging med Bergen kommune 4. Des. Oversikt på risiko vannledning under veg og høgtrafikkerte vegnett. Saman med Bergen kommune ser vi på tiltak for redusere risiko for tilsvarende hending. Bergen kommune vil gjere tiltak for å redusere konsekvens på denne strekninga på E39. Saman kartlegg vi om det er andre tilsvarende sårbare punkt
- To-vegstrafikk i eitt løp i tunnel kan ikkje umiddelbart verte innført i Fløyfjell grunna tunnelprofil og areal på viadukt på Nygårdstangen. Løysingar SVV tilrår må alltid vera trafikksikre
- SVV arbeider vidare for å finne løysingar for å kunne ha meir fleksibilitet både i tunnel og på firefelts veg.
- Felles evaluering blant alle involverte etatar 19. des

### 2. Langsiktige tiltak

- Få et meir overordna vegnett som gjev større robustheit
- ringveg aust, Kommunedelplan
- bybane med forlenga Fløyfjelltunnel, Reguleringsplan
- Dagens E39 er både ein hovudveg og ein samleveg for tilkomst til bustad og næring. For å kunne få til ei varig endring og eit mindre sårbart vegnett må ein investere. Finansiering for dette vert gjort gjennom Nasjonal Transportplan og vidare i statsbudsjett. Her er vi avhengig av at vi prioriterer tiltak politisk både lokalt, regionalt

og nasjonalt. Statens vegvesen skal arbeide både for ha god regularitet på dagens vegnett samt sette av ressursar både på planlegging og gjennomføring for dei meir langsiktige tiltak.»